



100.000 nordmenn har slått seg ned i Spania. Og svært mange av dem er motstandere av for sterk innvandring.

– Man kan gjerne starte med kommunenavnet  
DEBATT 2. DEL side 42

Dei seier det har vore kulturhovudstadsår, også her inne i Suldal. Me har fått ein av nutane våre pussa, og 352 utrangerte nøklar frå Sand skal visstnok henga i ein silkepose i byen. Men kor blei alle turistane av?

## Kva skjedde, egentleg?

Heidi Hjorteland  
Wigestrand  
journalist



### KOMMENTAR

**ETTERTANKE:** Kulturbyåret kom og er nå snart til ende. Har suldølane endra seg, eller er me dei same som då me stod med kalde fjes i byen og strekte oss for å få eit ørlite glimt av våre dansande og topphuede familie-medlemmer i opningsparaden?

Eg trur ingen kommunetilsette nokon annan stad i Rogaland har gledd seg så inderleg til Stavanger 2008, som dei i Suldal. Dette stod på Suldal kommunes nettstad i forkant:

«... er me no komne til det første store visningsåret: Kulturhovudstadsåret 2008. Fleire hundre tusen kjem til Stavanger, fleire titusen nye vil vitja Suldal for første gong.»

Kven var dei ti tusen?

**UNDERTEIKNA ER** pessimist av natur. Ein må aldri håpa på for mykje. Det som kan gå gale, går gale, er mitt livsmotto. Det er ein teflonisk leveregel som sparer meg for mange skuffelsar. Men i møtet med denne kommunale iveren, ønskte endåtil eg at det måtte gå godt for dei som gledde seg.

Når det gjeld kunst og kultur på landsbygda får gneldrarane diverre alltid rett. Me kjøper keisarens klede om att og om att.

Mange har tydelegvis gjort det til ein kunst å vera keisarlyggarar som mjølkar rike utkantkommunar som tørstar etter merksemd frå bylandet. Nutpussen blei forklart slik av kunstnarane:

«Folk kan stå der og kjenne litt på hva det er som skjer når utsiktsmålet får karakter av tidligere tiders blankpussede skulpturer- også vandringsmål til beundring – som bare natur og utsikt er det i dette tilfellet.»

Og det betyr? Var det til denne nuten dei ti tusen skulle komma? Eg er redd kulturbyåret ikkje har rørt ved så mange hjarte i Suldal. Kanskje ikkje i byen heller. Dei som blir rørte, høyrer alltid til i den same, vesle klikken, som alltid blir rørte.

**MEN ER DET** då kunst, det denne klikken likar? Må alt vera så subtilt at mannen i Gata på Sand gir blaffen? Hadde ein i det minste komme opp med kunst som rørte ved ulike grupper etter tur.

Kva skjedde, egentleg?

Suldal og indre Ryfylke kom på



**LUFTSLOTT:** Kulturbyåret blei ikkje heilt det Suldal hadde sett for seg på førehand.

**Dei som blir rørte, høyrer alltid til i den same, vesle klikken, som alltid blir rørt. Men er det då kunst, det denne klikken likar? Må alt vera så subtilt at mannen i Gata på Sand gir blaffen?**

mange måtar godt frå det då Mary Miller delte ut godbitar i distriktet. Sauda fekk snøshowet «Mot Himlaleite». Suldal fekk den internasjonale fredsleiren og ei ungdomshelg.

I Suldal snakka ein om å ha skote gullfuglen etter fredsleir-vedtaket. Ein gledde seg til fredsprisvinnaren som skulle komma. Mange mindre prosjekt blei også sette i sving.

To koselege, skotske damer kom og malte blomar med usynleg maling på husa på Sand. Ei kvinne planla ein «Walk of Fame» langs kaien. Då sti-planane fislå ut, ville ein i staden arrangera ein konferanse om prosessen som gjorde at stien for dei berømte stranda, men dette kokte også bort i kålen. Ei moldtrapp blei laga og ein samla inn gamle nøklar i ein fuglekasse i sentrum. Heilt greie ting å gjera, men var det dette turistane skulle komma for?

Det er fint om kunst provoserer og tvinger fram nye tankar. Men eg treng kunst som eg ikkje kan laga eller utføra sjølv. Slik trur eg det er for andre også. Eg må ha kunst som riv i magen og får tårene til å spruta. Eg vil sjå opp til kunstnarane, i staden for å mistenka dei for å ikkje ha talent nok til å driva med verkeleg krevande kunst.

**BETRE MED EIN** ekte juvel enn tjue kilo plastperler. Juvelen Suldal hadde, Reinhardt Søbye, stakk, i dobbel mening. Difor kunne han heller ikkje bli.

At ein kan falla i tankar over ein pose nøklar, lat gå. Nøklane mumlar si historie, men eg får meir inspirasjon av å gå på kyrkjegarden og lesa

på gravsteinane. Tidleg i haust fekk me eit såkalla Kunst i Landskap-prosjekt til Suldal. (Land Art Workshop på kulturbyår-språket) Unge kunstnarar laga kvar sine kunstverk ved Suldalslågen. Blant desse ei hesje med påskrifta: «Cowboys don't cry». Sikkert vel og bra alt saman. Kjekt for kunstnarane å arbeida i lag. Kjekt for slekta, venene og klikken som kom og såg etterpå. Men kor blei dei ti tusen av?

Kva skjedde med sjølvaste Gullfuglen: Fredsleiren og ungdomshelga? Point of Peace var rett nok noko ulne å samarbeida med. Omfanget av leiren og deltakarane minka månad for månad. Men i Suldal arbeidde ein iherdig for å ta i mot ungdommane som kom og dreiv godt fredsarbeid i suldalsk natur. Dette var ei hending med meining, men eg trur ikkje leiren trekte ein einaste ekstra turist. Fredsprisvinnaren Suldal var lova, kom i alle høve ikkje.

**DET VAR SNAKK** om å la dei unge fredsarbeidarane bli kjent med historia til ein av Suldals krigsheltar, Georg Fjellberg, der han står på sokkel ovanom Jøsenfjorden. Det blei ikkje noko av. I staden håpar ein å få inn ein fredsprisvinnar til Suldal neste år for å opna noko som skal kallast ei fredsbru over Lågen. Er det ingen som har høyrte Rema 1000-slagordet i Suldal?

Etter fredsleiren skulle det vera internasjonalt weekend for unge frå heile fylket. Dei tilsette ved kulturkontoret arbeidde natt og dag for å førebu arrangementet. Då weekenden starta, var det sikkert førti nat-

teramnar ute på Sand, men dei hadde ingen å passa på.

Då tykte eg synd på dei lokale arrangørane. Programmet for 2008-helga var tettpakka og av høg kvalitet. Men ein gløymde at dei unge i dag er så overmette av kulturuttrykk at dei ikkje gidd å reisa heilt til Suldal for å ligga i telt.

Når vil kommunebyråkratane forstå at det ikkje berre er til å knipsa med noko kulturgreier for å få tusenvis av besøkande?

**EG TRUR BÅDE** kommunen og innbyggjarane har grunn til å føla seg litt skuffa og lurte etter kulturbyåret. I alle høve viss ein var blant dei som forventa at noko stort ville skje.

Slike som meg kan alltid lena oss tilbake og seia: – Var det ikkje det me sa? Men eg vil ikkje at det skal vera så enkelt, for den lokale innsatsen var stor og velmeint. Og litt stjernestøv har det falle frå Marys tryllestav her inne.

«Himlaleite» i Sauda var magisk. Å gå opp og ned skitrekke i lag med hundrevis av andre i guloransje lys ein kveld i mars var ei underleg oppleving.

Kulturbyåret er for meg ein halvdrøymt draum, ein litt opphaussa happening. Fort sett og fort gløymt. I Sauda fekk me sjå eit glimt av det som var tenkt. I Suldal blei det mest jåleri, dessverre. Og dei ti tusen turistane?

Dei kjem den dagen alle bøndene har fylt opp hyttefeltene sine. Eller til ABBA-konsert i steinbrotet på Bera-kvam.

hhw@aftenbladet.no



Stavanger Aftenblad arbeider etter Vær Varsomplakatens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale, oppfordres til å ta kontakt med redaksjonen.

**Pressens faglige utvalg (PFU)** er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmenheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

Adresse: Rådhusgt. 17,  
Postboks 46, Sentrum 0101 Oslo.  
Telefon 22 40 50 40.  
Telefaks 22 40 50 55.  
E-post: pfu@presse.no.

Aftenbladet betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekkanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv, eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringsvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.